

Innstilling om

Oddmund Løkensgard Hoel si avhandling

Målreising og modernisering i Noreg 1885-1940

Forfattaren har strukturert avhandlinga delvis tematisk og delvis kronologisk. Han belyser målrørsla sitt forhold til modernisering ved å gjennomgå tema for tema i rørsla sitt syn på viktige samfunnsspørsmål. Samtidig følger han dei same spørsmåla gjennom ulike delar av perioden, slik at endringane kjem fram. I dei fire innleiande kapitla presenterer han forskingslitteraturen på feltet og diskuterer teoretiske perspektiv på modernisering, språkpolitikk og nasjonalisme. Dei åtte neste kapitla kan grupperast i tre hovuddelar ordna i tid: 1. 1885-1900. 2. 1900-1920. 3. 1920-1940. Gjennom desse tre periodane følgjer forfattaren målrørsla sitt forhold til urbaniseringa og byane, industrialiseringa, arbeidarrørsla og sosialismen, militærpolitikk og nasjonalisme, radikalisme og konservativisme – og dermed til dei politiske partia. I siste kapittel summerer han opp resultata.

Avhandlinga gir ei brei skildring av eliten i den organiserte målrørsla, og denne eliten si rolle i, og haldningar til, viktige sider av norsk samfunnsutvikling i perioden. Rørsla sin karakter, struktur, men framfor alt eliten sine leiande idear og sentrale aktørar, blir presentert utførleg. Hovudtemaet er dei idé- og haldningsmessige relasjonane mellom målrørsla og sentrale sider ved moderniseringa av samfunnet. Gjennom tre hovudtema, industrialisering, urbanisering og forholdet til arbeidarrørsla får avhandlinga fint fram fasane i denne utviklinga – slik ho kjem til uttrykk i haldningar på elitenivå i organisasjonen, og på sentralt plan i norsk politikk.

Avhandlinga er velskriven og viser store kunnskapar om den organiserte målrørsla og dei viktigaste målpolitiske stridstema i perioden. Ho presenterer viktige teoretiske perspektiv innanfor det breie feltet som studien omfattar – nasjonsbygging, modernisering, begrepshistorie og språkforsking. Strukturen er tydeleg. Resonnementa er lette å følgje. Framstillinga viser omfattande lesing og god forståing for problemfeltet. Med tanke på desse tydelege kvalitetane er avhandlinga god nok til å bli lagt fram for disputas.

Ei allmen innvending er likevel det refererande preget. Teoretiske retningar blir presenterte, men forfattaren tek sjeldan tydeleg stilling til dei. Heller ikkje i avslutninga blir dei teoretiske resonnementa løfta fram til klåre konkluderande slutningar. Saman med det store omfanget gjer dette at framstillinga i store delar blir meir beskrivande enn analyserande. I fleire av delstudiane saknar komitéen ein djupare refleksjon i forhold til den litteraturen framstillinga bygger på. Dei interessante teoretiske avsnitta som finst i innleiinga, får begrensa betydning både i den empiriske undersøkinga og i dei avsluttande konklusjonane.

Avhandlinga er også prega av at ho for ein stor del bygger på sekundær litteratur, på andre forskarar sitt arbeid med primærkjelder. Slik sett er mye av stoffet i avhandlinga kjent kunnskap frå før. Det er ikkje negativt i seg sjølv, for mye verdifull kunnskap kan skapast ved å samanfatte forsking og kjeldearbeit som andre har gjort. Men det gir forventning om å få fram nye synteser og perspektiv. Og det kan diskuterast kor godt det lykkast, sjølv om ambisjonen er tydeleg nok. Dette hindrar ikkje at prosjektet tilfører bildet av målrørsla si historie ny kunnskap frå eigne studiar av aviser, brosjyrer og arkivmateriale, med spor særleg etter kva sentrale aktørar meinte om ulike spørsmål. Men det er neppe på det planet den største verdien til dette prosjektet ligg. Viktigare for kandidaten er truleg ambisjonen om å gi eit samanfattande bilde av forsking og teoriar innanfor eit relativt stort og breitt tematisk felt. Det gir grunn til å bruke tid på dei sentrale begrepa og på tolkinga og bruken av andre si forsking også når avhandlinga skal diskuterast.

Bruken av moderniseringsbegrepet, avhandlinga sitt hovudperspektiv, kan problematiserast på fleire punkt. Samanfattande påstår forfattaren at målrørsla, studert på elitenivå, framstår som ei moderniserande kraft i det norske samfunnet frå dei siste tiåra på 1800-talet og framover. Støtte til moderne vitskap, opplysningstanken, demokratiseringa og rørsla sin integrering i det moderne samfunnet, er her viktige moment. Slutninga er likevel ikkje heilt klår ut i frå resultata av dei empiriske studiane. Tolkingane av rørsla som moderniseringsvennleg og av rørsla sine demokratiske haldningar bør diskuterast. Overvurderer forfattaren rørsla sin moderniserande karakter? Kva vert skuggelagt når undersøkinga konsentrerer seg om personar og handlingar på elitenivå? Eit spørsmål er om det i det heile fanst rørsler i den tidas Noreg som skulle kunne klassifiserast som 'antimodernistisk' – om ein bruker avhandlinga sine kriterie meir generelt. Her kan moderniseringa lett framstå nærmast som ei ufråvikeleg kraft, og det er eit deterministisk syn som forfattaren elles tek avstand frå. Eit anna spørsmål som kan reisast, er om moderniseringsdiskursen (og problemstillinga) i dette arbeidet meir

spring ut av nyare tiders politiske mediedebattar om målrørsla som historisk samfunnskraft i Noreg, enn ut av forskinga. Innanfor historieforskinga deler vel dei fleste som har arbeidd med det norske samfunnet i denne perioden, oppfatninga av at målrørsla som rørsle fungerte som ei moderniserande kraft.

Kanskje er moderniseringsperspektivet utilstrekkeleg for å forstå målrørsla sin oppgang og nedgang. Det gjeld i alle fall når 'moderniseringa' blir studert ut i frå tre såpass nært integrerte prosessar som industrialisering, urbanisering og arbeidarrørsla sin framvekst. Om ein fokuserer for eksempel på eit meir tidsorientert aspekt, som det å sjå det nye som betre enn det gamle, framstår truleg målrørsla som meir begrensa positiv til modernisering.

Trass i innvendingar og problematisering av tolkingar og perspektiv finn komitéen ikkje at det rokker ved at dette er ei avhandling som gir gode bidrag til forståinga av målrørsla sitt forhold til ulike sider av norsk samfunnsutvikling frå 1885 til 1940. Forfattaren kombinerer eigne kjeldestudier med å samanfatte store mengder forsking, og han gir oversikt over sentral teoridebatt på feltet. Han presenterer resultata i ei velinformert, godt strukturert og velskriven avhandling. Komitéen sin konklusjon er at Oddmund Løkensgard Hoel si avhandling fortener å bli forsvert for graden PhD.

Tobjörn Nilsson (sign.)
docent dr., Samtidshistoriska Institutet, Södertörns högskola

May-Brith Ohman Nielsen (sign.)
professor, Institutt for religion, filosofi og historie, Universitetet i Agder

Ingar Kaldal (sign.)
professor, Institutt for historie og klassiske fag, NTNU